

Vevring Storvald
v/ Anders Apalseth
6817 Naustdal

Vevring 26. august 2010

«Jaktfelt» «Namn_på_felt» jaktfelt
v/ «Jaktfeltans»
6817 Naustdal

TILDELING AV JAKTKVOTE FOR 2010

Naustdal kommune v/ viltnemnda har godkjent bestands – og avskytingsplanen som vart vedteken på årsmøtet i Vevring storvald for perioden 2008 - 2010

Vi går no inn i siste år i planperioden, og regulerer kvoten siste år inn mot måla i bestandsplanen. Etter årskvote og overdraging frå 2009 vert tildelinga til jaktfeltet dykkar slik:

KVOTE 2010	VALFRIE DYR	VAKSNE HODYR	VAKSNE HANNDYR	KALV	OVER- DRAGING
«Kvote»	«Valfrie»	«Vaksne_»	«Vaksne_1»	«Kalv»	«Overdraging»

Overdragingsreglane tilseiar at ein kan overdra «Overdraging» dyr til 2010.

Nærare reglar for jakta og bestandsplanen ligg på Vevring storvald si heimeside på www.vevring.no/storvald/

For å nå eitt av bestandsplanen sine delmål om å auke slaktevektene på dyra over tid legg ein til grunn følgjande hovudprinsipp:

*Spare største dyra innanfor kvar gruppe, **med særskilt fokus på store og eldre bukkar***

Jaktrapportane frå 2008 og 2009 viser for høgt uttak av eldre bukk og eldre koller. **Vi oppmodar difor om å prioritere avskyting av yngre dyr (1 ½ år) i desse kategoriane i år.** Dette er i samsvar med uttale frå årsmøtet i år.

Som eit ledd i å auke slaktevektene på hjortebestanden ynskjer ein å motivere til felling av dei minste dyra. Ut frå dette vert også ordninga med skrapdyrkvote vidareført. Ein ynskjer spesielt å ta ut svært små årskalvar og 1,5 år dyr, slik at desse ikkje går inn i avlen vidare.

• Type dyr	• Slaktevektgrense
• Hannkalv:	• under 20 kg
• Hokalv:	• under 18 kg
• 1,5 års hodyr	• under 38 kg
• 1,5 års hanndyr	• under 40 kg

Dersom det vert skote skrapdyr, kan ein søkje styret i storvaldet om å få tildelt eit ekstra løyve i same kategori som det ein har skote. Det vert også fellingsavgift for skrapdyr.

Dersom ein vurderer å søkje ekstraløyve, må ein snarast, og seinast innan 24 t, ta kontakt med styreleiar, tlf. 91 79 05 48, eller ein anna i styret, slik at dei kan kontrollere at slaktevekta er under grenseverdiane.

Vi minner spesielt om reglar for jaktutøving, som vart vedteke på årsmøtet i storvaldet (bestandsplanen) . Jaktreglane ligg på Vevring storvald si heimeside på www.vevring.no/storvald/

Koller skal ikkje skytast frå kalven, og jaktleiaren i kvart jaktlag har ansvaret for jakta i dei einskilde jaktlaga. (i den samanheng legg vi ved diktet til Oddvar Karlsen, ”Tragedie”, og oppmodar alle om å lese dette før jakta)

*Det skal **ikkje nyttast laushund på jakta før 1.oktober**. Dersom laushund vert nytta etter dette, skal jakta føregå på ein slik måte at nabojaktfelt eller vald ikkje vert påført ulemper, t.d. ved at hunden kryssar jaktfeltgrenser.*

*Jaktleiarar skal **fortlaupande** rapportere til jaktfeltleiar om avskytinga, på slik måte at viltorgana har høve til å kontrollere utbytte, jfr. forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst. § 37. Rapporteringa er heimla i viltloven § 50, og brot på reglane kan medføre straff, jfr. viltloven § 56. Jaktleiar må også halde seg og jegerane orientert om bestandsplan, løyvetildelinga, fellingsstatus, dei lover og reglar som til ei kvar tid gjeld.*

Dette betyr at kvar jaktfelt må ha klare reglar for rapportering før jakta tek til. Dette kan t.d. vere rapportering via telefon, SMS eller liknande til jaktfeltleiar, men presiserer at det skal vere **fortlaupande og omgåande** rapportering.

Jaktfeltleiaren innrapporterar felte dyr til storvaldet straks etter jaktslutt eller når styret ber om det.

Alle må i tillegg fylla ut ”sett hjort skjema” , slaktevektskjema, som vert levert til jaktfeltansvarleg («Jaktfeltans») så snart jakta er avslutta, som saman med vedlagt fellingsrapport sender dette til storvaldet. (til saman 4 skjema)

Rekning for fellingsløyve vert sendt ut frå storvaldet til jaktfelte etter at jaktperioden er slutt. Prisen på løyva er kr. 300,- for vaksne dyr og kr 180,- for kalv. (atterhald om prisendring)

Kvart jaktfelt må sørgje for avtale om ettersøkshund, men ein oppmoder om bruk av Naustdal ettersøksring. (må avtalast og betalast før jakta).

Jakttidene er fastsett til 10.09 – 23.12.10. God jakt !

Med helsing
Vevring Storvald

Anders Apalseth
Styreleiar

Fellingsrapport 2010

Frå «Namn_på_felt»

Dyr nr.	Dato	Hannkalv	Hokalv	Spissbukk	Kolle 1,5 å	Eldre bukk	Eldre kolle	Vekt
1								
2								
3								
4								
5								
6								
7								
8								
9								
10								
11								
12								
13								
14								
15								
16								
Sum								

Rapporten vert sendt Vevring Storvald v/ Anders Apalseth seinast 5 dagar etter at jaktperioden er avslutta.

Stad

Dato

«Jaktfeltans»
(Jaktfeltansvarleg)